

---

**Fra:** "Henrik Sørensen Lindås" <henriksl@broadpark.no>  
**Sendt:** 19. februar 2015 12:41  
**Til:** Larissa Dahl  
**Kopi:** Knut Bjørnevoll; Postmottak Lindås; tom.helge.larsen@coop.no  
**Emne:** Re: VS: svar på merknad i byggesak 15/422 Gbnr 108/88

Til Larissa Dahl,

Kopi: Lindås Kommune, Coop Rognaldsen ved Tom Helge Larsen.

Eg hadde ikkje epost adressa til Jon Anders Birkeland som er på kopi i eposten under.

Takk for epost og svar på merknad. Eg var egentlig ikkje tenkt å starte ein brevskrivingsrunde rundt denne saka, då eg står for momenta eg skreiv i merknaden min. Eg føler likevel at eg er nødd å oppklare nokre moment i høve brevet frå Dykk.

Eg vil poengtera at hovedmomenta i merknaden min går ut på:

1. Størrelse på tilbygget, og då spesielt høgden som kjem svært eksponert mot Nedre Lindås og Lindåsosane
2. Trafikksituasjonen frå Ådnevik og til Lindås.
3. Omsynet til at andre som er berørt av tiltaket kan bli hørt gjennom ein reguleringsplan prosess. Dette er f.eks. fylkeskommunen (vegeigar), FAU ved skulane, barnehagar som bruker vegen, bygdelaget, idrettslag, bebuare på nedre lindås.

Det vert i brevet dykk vist til i punkt 4 utvida bruk av eksisterande avkjørsel. Eg vil presisere at eg har ingen merknader til avkjørselen frå industriområdet. Eg har heller ikkje stilt noko framlegg om at dykk skal bidra til ny veiutbygging, eller opparbeida ny gangveg. Dette er i utgangspunktet offentlige oppgåver slik eg ser det. Slik situasjonen er med vegutbygging generelt er det derimot ikkje uvanleg at næring bidrar i slik utbygging, gjennom forskuttering eller tilskot. Det er sjølv sagt noko Dykk må vurdera sjølv. Eg registrerer ellers at Dykk skriv i brevet at det ikkje vert meir bruk av vegen, men at der er tale om nye ansatte. Eg er positive til nye ansatte, men rekner med dei også skal bruke vegen.

Angående punkt 6 så er det ikkje bosshåndtering som medfører støy. Det er kompressorar o.l.

Angående avløp, så vil eg vise til framlegg ny kommunedelplan for Lindåsosane, behov for utgreiing og kunnskap side

12: <http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1224766183903.pdf>

Marint dyre og planteliv: Auka utslep til Lindåsosane kan være kritisk for vasskvaliteten og livet i sjøen. Utgreiingsbehov: Samanfatte relevant material. Kartlegge eksisterende utslepp til sjø.

Eg ser at eg har vist til feil kommuneplan i merknaden min. Det er riktig som Dykk fremhever at det for det aktuelle området er kommuneplanen for Lindås 2003-2014 som per i dag er gjeldande. Dette er med bakgrunn i at det er pågående planarbeid i kommunen for Lindåsosane, med eigen kommunedelplan. Denne planen har vore oppe til politisk handsaming seinast i slutten av 2014. Det er soleis å anta at planen innen nær framtid vert vedteke. Det er i

framlegg til ny plan gjort eit grundig arbeid frå Lindås Kommune med kartlegging av Lindåsosane, som er eit særskilt område i Nordhordland. I landskapsanalysen som Lindås Kommune har utarbeida, og som ein finn her:

<http://braplan.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1266483502844.pdf> er Ådnevik der industrianlegget ligg klassifisert som i "dårlig tilstand". I kartet som ligg ved er dette eit område ein skal "vedlikehalde og forbetre". Eg vil soleis peika på at ein ytterligare utbygging i retning mot sjø slik det er søkt om vil vere i strid med dette. Det er eit spørsmål om ein skal drive "bit for bit" utbygging, eller om ein skal avklare no korleis området skal framstå i framtida gjennom ein detaljplan som tar omsyn til alle tilhøve.

Ellers vil eg peike på at punkt 2.4 som søker lyster opp frå og som gjeldt kva kommunen kan gjere unntak frå i kommuneplanen er eit punkt 3, som ikkje er omtala. Dette gjeldt der eksisterande byggeområde er over 800m<sup>2</sup> bra.

I framlegg til ny kommunedelplan for Lindåsosane er punkta angående støy og vegetasjon teke med. Eg vil derfor anta at kommunen ser dette som relevante punkt sjølv om dei ikkje er medteke i gammal kommuneplan på samme måte. Dette er punkt 4.2 og punkt 4.22 i ny plan. Desse punkta ligg også i overordna plan i ny kommuneplan som eg har vist til opprinnelig. Eg må få sei at spesielt i høve til vegetasjonsdekke er det nok ein utfordring for bakeriet då dei også har andre krav på seg mtp hygiene. Likevel meiner eg også at dette er eit moment som talar mot søknaden, då vegetasjonsdekke eit stykke frå produksjonen kan bestemmost gjennom reguleringsplan. Slik vil alle hensyn vera ivaretatt.

Ellers vil eg visa til at det i Lindås Kommune ligg fleire gamle industrianlegg i nærleik av sjø som har vorte nedlagd i løpet av åra. Ein må unngå at næringa kjem i ein slik situasjon at dei ikkje kan ha bærekraftig drift og at området soleis vert forlatt. Det er også viktig for Lindås at ein har arbeidsplassar som ikkje er knytt til oljenæringa som er hjørnestinen i kommunen vår. Døme på slike forlate bygg er garveri bygget i Alverstrømmen. Ein må ta hensyn til at næringa skal kunne drive godt og moderne, men ein må også ta hensyn til at bygga skal stå i mange år og at ein finn løysingar som ikkje er dominerande mot sjø.

Når det gjeldt vurderinga angående om ein skal ha ein reguleringsplan for området eller ikkje, meiner eg fortsatt at pga den spesielle beliggenheten til næringa her at dette er noko ein bør gjennomføre. Det vert søkt om dispensasjon frå ein gammal plan, der ny plan redegjør for at dette er eit særskilt område. Samstundes må ein vekta omsynet til næringa slik at dei får utvida drifta si. Eg håpar at kommunen og tiltakshavar kan ha ein dialog omkring korleis ein skal løysa dei utfordringane eg har prøvd å peika på, og at løysinga soleis vert til det beste for både Coop Goman Rognaldsen og for bygda. Forslag til dette kan vera endre høgde, endra takkonstruksjon, vegetasjonsdekke mot sjø, osv.

Mvh  
Henrik Lindås

On 17-02-15 15:29, Larissa Dahl <[larissa.dahl@htb.no](mailto:larissa.dahl@htb.no)> wrote:

Ser at jeg har skrevet feil i mailadressen til mottaker ved første innsendelse. Beklager. Nå kommer den til rett mottaker.

---

**Fra:** Larissa Dahl

**Sendt:** 17. februar 2015 15:26

**Til:** 'henriksl@broadperk.no'

**Kopi:** Knut Bjørnevoll; 'postmottak@lindas.kommune.no'; Jon Anders Birkeland; 'tom.helge.larsen@coop.no'

**Emne:** svar på merknad i byggesak 15/422 Gbnr 108/88

Hei.

Vi sender med dette svar på merknaden i byggesak 15/422 mottatt 16.02.15.

MVH

